

# Referat etter møte i Fylkesberedskapsrådet 28. februar 2020

Tema: Situasjonen knytt til covid-19 (koronavirus)

Deltakrar: Fylkesmannen i Vestland, Vest politidistrikt, Sør-Vest politidistrikt, Helse Bergen, Helse Førde, Helse Fonna, Alarmsentralen i Florø, Bergen brannvesen, HV-11, HV-09, Bergen hamn, NRK, Avinor, Redningsselskapet, MET, KDS Hordaland, KDS Sogn og Fjordane, Mattilsynet, Kystverket, Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, Røde Kors Hordaland, Røde Kors Sogn og Fjordane, Telenor, Haakonvern, Statens vegvesen, NAV, Kartverket, Sivilforsvaret, NVE, Fiskeridirektoratet og kyrkja.

## 1. Orientering om situasjonen v/fylkeslege Helga Arianson

Det er stadfesta at fire personar er smitta i Noreg, ingen av desse oppheld seg i Vestland. Strategien til nasjonale myndigheiter er å forseinke og avgrense smitta.

Personar som ein mistenker at kan vere smitta, det vil seie at dei har vore i eit område med kjent smitte, eller vore i kontakt med smitta personar, og som så får symptom, vert sett i heimekarantene i påvente av test. Testen tek nokre timer å analysere på sertifisert laboratorium, men det kan ta opp til fleire dagar frå innsending til svar grunna postgang.

Helsedirektøren sa i pressekonferanse i går at det bør planleggast for at inntil 25 % av befolkninga kan bli smitta. Dei fleste smitta vil ikkje bli veldig sjuke, men vil bli sett i heimekarantene for å unngå spreiding. Dette vil føre til at ein stor del av befolkninga vil bli ute av arbeidslivet. Dette er eit av fleire moglege scenario, men vi legg dette til grunn som føringar frå nasjonale styresmakter for at vi skal planlegge ut i frå. Det vert gjort fortløpande vurderingar.

Fylkesmannen deltek på møter kvar veke med Helsedirektoratet, der òg Folkehelseinstituttet og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap deltek.

Vi har god dialog med helseføretaka og kommunane. Vi gjennomfører møte med dei tre helseføretaka i fylket kvar veke, og informerer og innhentar informasjon frå kommunane fortløpande.

På førespurnad frå Helsedirektoratet har vi kartlagt situasjonen for smittevernplanar i fylket. Sjølv om ikkje alle kommunane har alt heilt på plass (det vert gjennomført eit revisjonsarbeid i fleire kommunar), er vår konklusjon at våre kommunar har eit tilfredsstillande system på plass.

Testing: Kommunane er ansvarleg for å gjennomføre testing i dialog med helseføretaka. Føringane frå nasjonale styresmakter er at det berre er personar som kan ha vore utsett for smitte som skal testast.

Ved utfordringar knytt til utstyr og kompetanse følgjer vi dette tett opp med kommunane. Ved mangel på utstyr (smittevernutstyr) er det viktig at dette vert rapportert vidare til nasjonale styresmakter, slik at nasjonale tiltak (t.d. oppstart av produksjon nasjonalt) kan bli utløyst.

Reiseråd: Utanriksdepartementet er ansvarlege for å gi reiseråd. For meir informasjon sjå her: [https://www.regjeringen.no/no/tema/utenriksaker/reiseinformasjon/korona\\_info/id2691821/](https://www.regjeringen.no/no/tema/utenriksaker/reiseinformasjon/korona_info/id2691821/)  
Viss tvil kan ein ringe til helsetenesta i den aktuelle kommunen.

Større arrangement: Det er i dag ingen restriksjonar på slike arrangement. Her må ein følgje med på nasjonale tilrådingar og helse råd.

Cruisetraffikk: Den mest aktive perioden i cruisetraffikken nærmar seg, noko som kan vere krevjande for cruisehamner og vertskommunar for desse. Fylkesmannen har allereie tatt opp desse spørsmåla med Helsedirektoratet, og følgjer det opp vidare. Norske Havner har òg melde dette til Helsedirektoratet.

## **2. Planlegging for ein mogleg pandemi**

Alle må planlegge for eit scenario der 25 % av befolkninga er smitta. Det vil seie at kvar enkelt verksemd må sikre god kontinuitetsplanlegging med tanke på at ein betydeleg del av arbeidstakarane kan verte sjuke. Det var noko diskusjon om korleis plangrunnlaget (25 % sjuke/smitta) skal tolkast. Fylkesmannen vil følgje opp dette med Helsedirektoratet.

DSB og Helsedirektoratet laga ein rettleiar i samband med svineinfluensaen i 2009 som kan leggast til grunn i dette arbeidet. Det er satt i verk ein revisjon av rettleiaren. Revisjonsarbeidet vil truleg ta nokre veker. Vi legg difor med den gamle rettleiaren og tilrår at det vert brukt, og vil ettersende den reviderte utgåva så snart den er klar.

Kommunikasjon: Fleire av aktørane i Fylkesberedskapsrådet opplever stor pågang frå media og befolkninga. Dette viser at det er eit stort informasjonsbehov.

Det er viktig at ein syter for å gi ein koordinert bodskap ut til befolkninga. Ein bør halde seg til informasjonen frå Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet når ein uttalar seg til media. I kva grad ein ønskjer å stille opp for media er ei vurdering den enkelte må gjere. Sjølv om ein ikkje har noko nytt å melde så kan det vere eit sjølvstendig poeng å formidle det til media. Det er viktig at vi bidreg til å dempe frykta hjå befolkninga.

Bergen kommune informerte om at dei som ein følgje av den store pågangen ønskjer å gjennomføre jamlege pressebrifar saman med andre relevante aktørar i kommunen. Kommunen ser det som særleg viktig å få ut informasjon i samband med at eit stort tal av innbyggjarane kjem tilbake frå vinterferie denne veka.

Vestlandsrevyen vil vere ein aktuell plattform å nytte viss ein har behov for å nå ut til befolkninga i fylket.

Iverksetting av tiltak: Ved behov for å setje i verk konkrete, ekstraordinære smitteverntiltak, vil det kome retningslinjer frå nasjonale styresmakter om kva type tiltak som er aktuelle, og når dei vil vere aktuelle å setje i verk. Per no er det viktigaste å følgje dei råda som nasjonale har gitt. Det generelle og beste rådet her er å ivareta gode personlege smittevernstiltak, som vask av hender og skjerming ved hosting.

Folkehelseinstituttet har distribuert informasjonsplakatar med informasjon til reisande og plakatar med smittevern råd. Desse er tilgjengeleg her: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/beredskap-og-krisehandtering/nytt-coronavirus/plakater-til-innreisepunkter>

Mogleg bistand: HV og Sivilforsvaret vil gi Fylkesmannen ei tilbakemelding på kva type oppgåver dei har høve til å gi bistand til, og kva type kompetanse og utstyr dei har.

Når det gjeld bistand frå frivillige organisasjonar vert det gjennomført eit møte sentralt der det vil bli avklart.

Deling av planverk: Bergen brannvesen tilbyr å dele sine rutinar for kontinuitetsplanlegging med andre brannvesen dersom det er ønskeleg. Dei som ønskjer kan kontakte dem direkte.

### **3. Vidare handtering**

Dette er ein situasjon som utviklar seg fortløpande. Vi vil følgje situasjonen nøye og ved behov vil vi kalle inn nye møte i Fylkesberedskapsrådet. Viss det er nokon av deltakarane i rådet som ser behov for å diskutere særskilte tema, eller har andre førespurnadar, så kan dei ta kontakt med Haavard Stensvand.

Fylkesmannen vil sjekke opp med Helsedirektoratet rundt deling av dei daglege situasjonsrapportane til kommunar og deltakarar i Fylkesberedskapsrådet. Vi vil kome tilbake til dette så fort vi har fått ei avklaring frå direktoratet.